

# ÅRSHJUL FAU VIKESÅ SKULE

Foreldrerådet består av alle foreldra på skulen. Kvart år vel foreldra ut to representantar til klassekontakt og foreldrerådet sitt arbeidsutval – FAU. FAU skal sikre at foreldra har reell medverknad, fremme foreldra sine felles interesser og medverke til at elevane og foreldra kan ta aktiv del i arbeidet med å skape eit godt skolemiljø.

Typiske arbiedsoppgåver for FAU er å:

- Informere alle foreldre om aktuelle saker og høyre på dei
- Samarbeide med elevrådet, rektor og lærarane
- Ut nemne to foreldrerepresentantar og vararepresentantar til samarbeidsutvalet (SU) og skolemiljøutvalet (SMU) og samarbeide med desse. FAU-leder skal vere ein av representantane i SU
- Melde saker til SU/SMU
- Ta initiativ til sosiale aktivitetar for elevane og foreldra
- Arrangere samlingar for foreldra og lærarane, som årsmøte med ulike tema
- Uttale seg om relevante saker frå kommunen eller skulen, som for eksempel trafikk, skolemiljø, inneklima, ordensreglement, strategiske planar og komme med innspel til skulen i saker der føresette sitt engasjement er viktig
- Skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet

Sjå meir info på [udir.no](http://udir.no) og [fug.no](http://fug.no)

## HAUST

Månad	Kva	Tema
September	FAU møte	Konstituering av nytt styre Val av medlem til SU/SMU Eventuelle saker
September/oktober	Foreldremøter 1.-7. trinn	Foreldrekontaktane har ansvar for å kalle inn saman med kontaktlærar
November	FAU møte	

## VÅR

Månad	Kva	Tema
Januar	FAU møte	
Mars	FAU møte	Saker til foreldremøter
Mars	Foreldremøter 1.-7. trinn	Foreldrekontaktane har ansvar for å kalle inn saman med kontaktlærar Val av ny klassekontakt
Mai	Årsmøte	

Vikeså skule, august 2019